

Florø-Rognaldsvåg - Askrova

Fredag 24. til søndag 26. juni 2005

Vyrde Veiking!

For 9. år på rad legg vi ut på veik-
ingkonvoi, ein konvoi som for mange
har vorte ein obligatorisk og årviss
møtestad. Til like med tidlegare år er
det **grendelaga og lokale eldsjeler**
som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileinga
er fornøgde med **rosande omtale** og
såpass med pengar at vi ikkje går i
minus. Elles er det sjølvsagt viktig for
oss at konvoien går fint føre seg, utan
slåsting, båtfyll og anna farkeskap. I år
dreg vi til **Rognaldsvåg og Askrova**, i
visse om at veikingar og innfødde gjer
desse strandhogga til gode og minnerike opplevingar. I år
som i fjor vil vi trekke fram laurdagen som ein fin dag for
heile familien. Folket på Askrova vil syte for eit rikhaldig kul-
turtilbod for både store og små. Men det heilt store er at vi i
år får Kongebesøk!! **Hans Eksellense Visekongen av Fusa**
kjem nemleg på signingsferd, og vil la seg hylle av alle træl-
lar i fjordfylket. Vi ynskjer både han og **Charge de Affairs**
Fridtjov Urdal velkomne til oss!



Til slutt vil vi minne om at påmeldingsavgifta er uendra,
dette grunna kryss-subsidiering med Posten Norge BA.
Avgifta, kr. 6,00 pr. båt (=brevporto) betalar du på kaia i
vågen. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men
trøysta får vere at kajakkar går som B-post!
Veel møøtt!!

Hugs å kjøpe Veiking
T-skjorte og Veiking-kalott!

HUVUDSPONSORAR:

Florø Skyssbåt
Tlf. 482 58 780



www.sjoassistanse.com
service på sjøen - trygghet ombord
Tlf. 800 88 878

www.kruse.biz



**Florø Bil &
Havneservice as**

Tlf 57 74 05 30 - Vakttlf. 414 00 101
Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt



SOLHEIM DIESEL AS

Pb. 374, 6901 Florø - Tlf. 57 75 14 80 - Fax 57 75 14 89 -
www.solheimdiesel.no

Program:

Fredag 24. juni:

- 17.00: Samling på Florevika, rens av forgassar og slikt
Visekongen av Fusa helsar Nupen og Veikingane.
- 17.30: **Revelje** - avgang, snauaste vegen til Rognaldsvåg.
- 18.30: **Rognaldsvåg**, trekkspelmusikk på kaia.
 - Song og spel på kaiene.
 - Kongetale.
 - Sal av grillmat og Hansa-
brus.
- 21.00: Dans m/ "Nybø Band"!

Laurdag 25. juni:

- 07.55: **Revelje.**
- 09.00: Høve til proviantering
(D. Sunde og M. Svardahl).
- 12.00: **Revelje** - avgang .
Samstundes opnar Café
«Molo» på Espesethmoloa.
- 13.00: Omvising på Espesæther
gard, hesteskys, aktivitetar for ungane.
- 13.30: Landkjenning på Askrova.
- 15.00: Opnar **Mat & Sirkus**
avdeling Grendahuset.
- 16.00: Opning av «Kultur i havgapet»
- 17.30: Auksjon og trekking av **Veikinglotto**
1. premie: Båt frå Solheim Diesel A/S og mange andre
maritime premiar.
- 20.00: **Show: Bjørn Jensen.**
- 22.00: **Dans: Bjørn Jensen +Non Stop Duo.**
- 25.00: Song og spel i gavl og kratt.




Søndag 26. juni:

- 08.55: **Revelje.**
- 11.00: **Høgmesse** (hugs radio!) - heimreise.

Bli med M/S Atløy på veiking

Laurdag

- 18.00 Avgang frå Kolkaia,
Florø
...då rekk du showet
- 19.00 Avgang frå Askrova til
Florø
...fin retur for dei som
har tatt ruta ut før på
dagen!
- 20.30 Avgang frå Kolkaia, Florø
...då rekk du dansen
- 02.30 Retur til Florø
...hugs at denne turen vert full!!



ATLØYS VENNER